

## KORT OMTALE AV PROSKJEKT SOM HAR FÅTT TILDELTE SÅKORN MIDLAR I 2016

Skjemaet skal brukast som informasjon til nettstaden til Program for pasienttryggleik i Helse Vest

### Prosjektnamn

Eldrevennleg sjukehus og sengepost –tilpassa og tilrettelagt for pasienatr med risiko for fall i ortopedisk sengepost

### Prosjektnummer

**1210**

### Prosjekteigar (helseføretak, avdeling og eining som er ansvarleg for prosjektet)

Helge Robert Midtbø, direktør kirurgisk klinikk Helse Førde

### Prosjektleder (kontaktperson)

Lasse Lesto – avdelingssjef ortopedisk avdeling Helse Førde

[lasse.lesto@helse-forde.no](mailto:lasse.lesto@helse-forde.no)

## Kort om bakgrunnen for prosjektet. Kva er det ein ønskjer å forbetre?

### Utfordringsbilde i dag

- Ortopedisk sengepost ved Førde Sentralsjukehus si pasientgruppe er i stor grad eldre, dels og uklare, grunna innlegginga, eller dei er det frå før. På mange måtar er deler av sengeposten ein geriatrisk ortopedisk post,
- Arbeidsprosessar, oppgåver, ressursbruk og rutiner er bygd og vert gjennomført som om det er ein rein akutt ortopedisk sengepost
- Pleiepersonalet sin kompetanse er retta mot kirurgisk og ortopedisk sjukepleie, og mindre retta mot eldre og geriatri.
- Til tross for fokus på fallførebyggande tiltak (knytt til implementering av tiltak i pasienttryggleiksprogrammet) har ortopedisk avdeling hatt fleire synergimeldingar som omhandlar fall, og særleg er desse knytt til nemnte pasientgruppe .Dessverre har det og vore fall som har medført ytterligere skader, med dei følgjene det har hatt for pasienten, og for behandlinga. Det er kjent at det er stor underrapportering på avvik knytt til fall og fallrisiko, sjølv om tala syner ein markert vekst siste året.
- Behov for ein gjennomgang og systematisk arbeid med fall og fallførebygging, og sikre strukturar for dokumentasjon og oppfølging av screening, tiltak og dokumentasjon av desse.
- Sengeposten er utforma som standard sengepost, men få høve til skjerming eller tilrettelegging for pasientar med ekstra behov som til dømes demens og uro
- Det er liten kompetanse på miljøomgjevnad og påverking av sansar som syn og hørsel, og kva dette kan bety for mellom anna å redusere auka uklarhet og uro hos pasientar
- Det er lite kjent kva som finnast av ny teknologi og hjelpemiddel som kan nyttast på sjukehus i dag.
- Gode samhandlingsrutinar mellom kommune og sjukehus ved innlegging som sikrar at viktig kunnskap om pasienten vert kjent for personale i sengeposten.

## Korleis skal forbetringa gjennomførast?

- Sikre at tiltaka knytt til fallførebygging er implementert og systematisk dokumentert
- Gjennomføre samstemming av legemiddellister på alle pasientar, og legemiddelgjennomgang på risikopasientar, samt lage ein struktur som sikrar systematikk i dette.
- Utvikle / ta i bruk verktøy som sikrar at høgrisikopasientar vert identifisert og tiltak knytt til desse.
- Bruk av velferdsteknologi, kompetanse og tiltak på miljøomgjevnader og positiv sansestimulering til høgrisikopasientar . Viktige samarbeidspartar her vert ingeniørstudentar ved Høgskulen i Sogn og Fjordane , og prosjektet Velferdsteknologi i Sogn og Fjordane.
- Utruste 1-2 rom til denne pasientgruppa

- Kontinuerlig teste ulike løysingar undervegs i prosjektet, og innhente erfaringar frå brukarar /pårørande på desse romma.
- Kompetanseheving hjå personalgruppa, både pleie – og legegruppa. Dette vil skje i samarbeid med høgskulen og SESAM, og det skal lagast ein kompetanseplan med standard krav til kunnskap for alle i sengeposten.
- Gjennomgang arbeidsprosessar og oppgåvedeling på sengeposten, og utvikle ein flyt som sikrar pasientgruppa tilstrekkeleg tiltak og ressurstilgang.
- Vidareutvikle samarbeidet med eldre medisinsk poliklinikk og indremedisiner som har starta i dag, og lage gode strukturar og rutinar for dette
- Lage og innføre strukturar for samarbeid på tvers av fagfelt for å sikre pasienten sin behandling og oppfølging best mogleg.

Ortopedisk avdeling skal og køyre eit prosjekt saman med Høgskulen i Sogn og Fjordane, avd helsefag der studentane i praksis ved sengeposten skal bidra med litteratursøk, få eit auka medvit om og kompetanse til den geriatrike pasienten i sjukehus, og særleg viktigheita av kompetanse om eldre med risiko for fall generelt. Studentane skal og medverke i prosjektet med omsyn til dei fysiske endringane, og hauste erfaringar med tekniske hjelpemiddel og veldferdsteknologi. Det er vidare eit mål for dette prosjektet at vi får nokre studentar til å skrive bachelor oppgåve på tema. Dette samarbeidsprosjektet vil vere eit delprosjekt i sjølve Såkornprosjektet.

### **Kva skal målast for å følgje om tiltaka ein set i verk blir følgde og har effekt (prosess og resultatmål)?**

Resultatmål:

- Fall på sengepost
- Pasienttilfredshet (og pårørande)

Prosessmål

- Medarbeidertilfredshet
- Tal pasientar som får aktuelle og nye tiltak /ny pasientflyt

Prosjektet vil undervegs ha fokus på endringar og nye tiltak, og korleis kunne måle at desse faktisk gjev ei endring av positiv karakter. Målingar og indikatorar kan difor bli utvikla i prosjektperioden.

### **Planlagt bruk av resultat i eiga eining**

Prosjektet skal heile tida i prosjektperioden sette i verk aktuelle tiltak og prøve dei ut fortløpande. PDSA metodikk vil bli nytta, og tiltaka skal bli ein del av drift etter kvart. Ortopedisk avdeling har ein sengepost ved Lærdal sjukehus og, og eventuelle erfaringar og tiltak som kan vere aktuelle for denne sengeposten vil bli del av drift.

Resultat og erfaringar frå dette prosjektet vil bli brukt og tatt inn i Helse Førde si storsatsing, programmet Pasientens helseteneste

### **Overføringsverdi / overføring av kunnskap til andre einingar i regionen**

Erfaringar frå dette prosjektet og verktøy eller andre tiltak prosjektet utviklar vil vere aktuelt for dei fleste sengepostar og einingar i dei andre helseføretaka i regionen som har ein stor andel av denne pasientgruppa.

**Oppstarttidspunkt** (planlagt) august /september 2016

**Sluttidspunkt** (planlagt) desember 2017